

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 23.05.2006 **Tid:** 15.00-17.00

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Liv Berit Khadoor

**I staden møtte:**

Elin Liøen

**Andre som var tilstade på møtet:** Karin H. Steinsland, Solvor Aadland, Marit Kulild og Anne Lise Tøsse var tilstades under skriv og meldingar. Marit A.Aase frå utvalet sitt kvarter og under sak 08/06. Hilde-Lill Våge heile møtet.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 29.05.2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Geir Markhus stilte spørsmål om tilstanden til grasbana i Hagabotn og om den er i slik dårleg forfatning som Samningen skriv. Ordføraren orienterte om at ho hadde hatt møte med teknisk eining, og at vedlikehaldet av grasbana var eit av tiltaka som ikkje vart prioritert av kommunestyret då budsjettet vart vedteke. Teknisk eininga har difor måtte omprioritere på vedlikehaldstiltaka, for å få bestilt overflattisk lufting på bana allereie no til sommaren. I budsjettet til neste år må det setjast av eigne midlar til vedlikehald av grasbana dersom dette skal prioriterast.

Geir Markhus stilte spørsmål om organiseringa av utvala og evaluering av dette. Ordføraren orienterte om at dette spørsmålet vert teken opp i arbeidet med kommuneplanen og arbeidsgruppa som skal jobbe med kommuneorganisasjonen.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**Rektor ved Gjerde skule og kulturskulerektor orienterte om KOM-prosjektet.

KOM= Kreativt OppvekstMiljø 2005-2008. Dette er;

- ✚ Samarbeidsprosjekt mellom kulturskulen og grunnskulen
- ✚ Samnanger er med som ein av 20 skular i Hordaland
- ✚ Kulturskulen, Nordbygda skule og Gjerde skule deltek frå Samnanger
- ✚ 40 skular frå Rogaland og Hordaland deltek
- ✚ Samnanger brukar kompetanseutviklingsmidlar i 3 år.
- ✚ Tilskot gjennom DKS (den kulturelle skulesekken)
- ✚ Målet er ei større oppsetjing i løpet av 3 år.
- ✚ Noko behov for midlar til utstyr for å forbetre scener og lysutstyr med meir

Sjå link for meir informasjon; [www.kulturskoleradet.no](http://www.kulturskoleradet.no)

Rektor ved Samnanger ungdomsskule orienterte om korleis og kva tiltak skulen har følgd opp i den eksterne vurderingsrapporten. Dette gjekk på betring av innemiljø, utvikling av læringsmiljøet, styrke elevinvolvering og sikre rutinar for vurdering.

Ass.adm.sjef orienterte om;

- ✓ Det blir Kulturfest på Ytre Tysse den 10 juni, med spanande kulturprogram på grillplassen og kjentmannstur til "undebukse mannen". Medlemane i Oppvekst og omsorg vil verte utfordra til ulike oppgåver denne dagen.
- ✓ Bassenget vil verte opna til skulestart.
- ✓ Kommunen v/forhandlingsutvalet er i forhandlingar med grunneigarane om kjøp av tomte til den nye barnehage på Gjerde. Dei er ikkje komen til endeleg avtale pr. i dag.

- ✓ Svein Egil Kvale har sendt inn statusrapport for arbeidet med Slechtsoga. Han er noko forseinka sidan han kom noko seinare i gang og rettingane viser seg å verta meir omfatta enn venta. Han vil sende ut ei spørjeundersøking til alle innbyggjarane for å rette opp mest mogleg av uretta og mangelfulle opplysningar. Han ser for seg å kunne vera ferdig oppunder jul 2007.
- ✓ Kommunen har fått tilbakemelding frå namnekonsulentane og fått godkjent vegnamna som kommunestyret har vedteke.

Audhild Olsnes orienterte om arbeidet på Stolpane skulehus og synte til svært gode tilbakemeldingar frå bygdefolket. Det står att noko arbeid inne i huset før det er klart til bruk.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0008/06	06/00092	<b>BALLBINGAR FRÅ F. MOHN, EV. PLASSERING</b>

0008/06

## **BALLBINGAR FRÅ F. MOHN, EV. PLASSERING**

### **Framlegg til vedtak::**

###

Samnanger kommune takkar for gåva frå Trond Mohn. Ballbingane vert plasserte på del av leikeplass øvst i byggefeltet på Lønnebakken og ved skulehuset i Rolvsvåg.

### **Handsaming i møte:**

Audhild Olsnes sette fram følgjande fellesframlegg;

”Samnanger kommune takkar for gåva frå Trond Mohn. Rolvsvåg får den eine ballbingen og den andre kan det søkjast på via Samningen. Kven som får denne vert teke oppatt i Oppvekst og omsorg.”

### **Vedtak:**

###

Samnanger kommune takkar for gåva frå Trond Mohn. Rolvsvåg får den eine ballbingen og den andre kan det søkjast på via Samningen. Kven som får denne vert teke oppatt i Oppvekst og omsorg.